

Justis- og beredskapsdepartementet  
Postboks 8005 Dep  
0030 OSLO

Vår ref:  
21/00592-2

Saksbehandler:  
Anne-Stine Solberg

Dato:  
16. september 2021

## Høyringssvar – forslag om tilsyn med omsorga for einslege mindreårige som bur i asylmottak

Barneombodet viser til høyringsnotat datert 25.6.2021 med forslag om lov- og forskriftsfestning av tilsyn med omsorga for einslege mindreårige som bur i mottak.

Vi støttar forslaget. Det er svært positivt at departementet foreslår eit uavhengig tilsyn med omsorga for einslege mindreårige i mottak. Statsforvaltaren og Helsetilsynet har tilsvarende tilsynsroller i andre sektorar, og kunnskapen og erfaringa dei har, kan ha overføringsverdi til einslege mindreårige i mottak.

Vi har merka oss at departementet ikkje ønskjer å etablere ei generell tilsynsordning for alle asylmottak no, og ser at det kan vere grunnar som taler for dette, og at einslege mindreårige i mottak er ei særleg sårbar gruppe.

Likevel viser NTNUs levekårsundersøking om barn i asylsøkjefasen (2015)<sup>1</sup> at også barn i barnefamiliar kan vere i ein svært sårbar situasjon. Ein del av barna i denne gruppa blir buande svært lenge i mottak, og vil derfor kunne ta større skade av buforholda sjølv om dei er saman med omsorgspersonane sine. Når departementet ikkje ønskjer å foreslå eit statleg tilsyn for denne gruppa barn, tilråder Barneombodet å sjå på alternative løysingar som sikrar dei trygge og gode oppvekstsvilkår.

Vi har følgjande merknader til forslaget som er utdjupa nærmare under:

1. Omsorga for einslege mindreårige asylsøkjearar bør overførast til barnevernet, på linje med omsorga for andre barn utan omsorgspersonar i Noreg. På denne måten kan vi sikre likeverdig omsorg i tråd med tilrådingar frå ulike FN-komitear.
2. Forskrift om tilsyn med barn i barnevernsinstitusjonar for omsorg og behandling har fleire krav som ikkje skal gjelde for tilsyn med asylmottak. Det kan derfor vere nyttig å gå gjennom og harmonisere forslaga til forskrift om statleg tilsyn med omsorga for einslege mindreårige som bur i asylmottak, og forskrift om tilsyn med barn i barnevernsinstitusjonar for omsorg og behandling.

---

<sup>1</sup>[https://www.udi.no/globalassets/global/forskning-fou\\_i/asylmottak/laevekar\\_for\\_barn\\_i\\_asylsoekerfasen.pdf](https://www.udi.no/globalassets/global/forskning-fou_i/asylmottak/laevekar_for_barn_i_asylsoekerfasen.pdf)

3. Det er viktig å gjøre tilsvinsordninga kjend blant einslege mindreårige i mottak. Det er positivt at departementet foreslår å forskriftsfeste dette, men det bør gjerast tydeleg at plikta òg gjeld utanom tilsvinsbesøk.
4. Departementet bør forskriftsfeste at tilsynet må bruke tolk ved gjennomføring av tilsyn.

### **Omsorga for einslege mindreårige asylsøkjarar bør overførast til barnevernet**

Barneombodet og ei rekke andre aktørar har teke til orde for at barnevernet bør ha omsorgsansvaret for einslege mindreårige asylsøkjarar, også dei over 15 år. Grunngivinga for dette er å unngå diskriminering ved at alle barn utan omsorgspersonar i Noreg er omfatta av det same regelverket, uavhengig av opphaldsstatusen og alderen til barnet. Norsk praksis, der Utlandingsdirektoratet (UDI) har omsorgsansvaret for einslege mindreårige over 15 år, har vore kritisert for å vere diskriminerande av blant andre FNs menneskerettskomité og FNs torturkomité. Vi viser til ein fullstendig gjennomgang av dette i [tidlegare høyringssvar frå oss om forskriftsregulering av omsorga for einslege mindreårige asylsøkjarar mellom 15 og 18 år i mottak](#).

Ei utfordring ved å regulere omsorga for ei bestemd gruppe barn i eit eige regelverk slik myndighetene legg opp til når det gjeld omsorga for einslege mindreårige mellom 15 og 18 år, er at det er vanskeleg å sikre at omsorga faktisk er likeverdig. Tilsyn kan vere med på å sikre dette i større grad, og derfor er det svært positivt at departementet foreslår ei tilsvinsordning som liknar ordninga i barnevernet. Samtidig finst det jo allereie eit tilsynssystem for barnevernet som ein kunne nytta seg av, framfor å innføre eit parallelt system som er nesten likt, men ikkje heilt. Dette inneber ein risiko for forskjellsbehandling (sjå meir om dette under punktet om forskrift om tilsyn med barn i barnevernsinstitusjonar under).

Barneombodet vil endå ein gong påpeike at det primære standpunktet vårt er at omsorga for einslege mindreårige asylsøkjarar over 15 år bør overførast til barnevernet, slik at ein sikrar ein likeverdig standard på omsorga. Dette vil òg sikre at tilsynet med alle barn under offentleg omsorg som bur i institusjonar, er basert på det same regelverket og dei same standardane.

### **Viktige avvik frå tilsvinsreglane for barnevernsinstitusjonar er ikkje drøfta i høyringsnotatet**

Forslag til § 2 i forskrift om statleg tilsyn med omsorga for einslege mindreårige som bur i asylmottak, gjeld sjølv tilsvinsbesøket. Føresegna har ein parallel i § 8 i forskrift om tilsyn med barn i barnevernsinstitusjonar for omsorg og behandling. Det er likevel fleire forskjellar mellom forskriftsføresegnene som vi ikkje kan sjå er drøfta i høyringsnotatet. To slike forskjellar som kan bidra til kvalitetsforskjellar mellom tilsyn med barnevernsinstitusjonar og tilsyn med asylmottak, er:

- I barnevernsinstitusjonar stiller forskrifa krav om minimum to tilsvinsbesøk per år, minst eitt av dei umeldt. I asylmottak blir det ikkje stilt krav om eit visst tal besøk per år, og heller ikkje om at det skal gjennomførast umelde besøk.
- I barnevernsinstitusjonar skal tilsynet ta kontakt med «det enkelte barn», mens i asylmottak held det at tilsynet har «kontakt med både enslige mindreårige og ansatte».

Forskjellane kan ha betydning på fleire måtar. For det første vil tilsynet bli utført av dei same personane i embetet som får denne oppgåva. Når forskrifa på det eine området stiller klare krav til metode og hyppigkeit, medan dette er overlate til tilsvinsmyndigheita på det andre området, vil det kunne føre til at embeta prioriterer tilsyn med barnevernsinstitusjonar (som er pålagt gjennom forskrifa) høgare enn tilsyn med mottak. Det er òg stor forskjell på melde og umelde tilsyn. Umelde tilsyn kan avdekke heilt andre manglar enn eit tilsyn der mottaksleiinga har fått tid til å

førebu seg. Når det gjeld kontakt med bebuarar ved tilsyn, er det viktig at forskrifa sikrar at alle einslege mindreårige i mottak der det blir gjennomført tilsyn, blir kontakta av tilsynet, og at det ikkje blir gjennomført samtalar med berre eit utval (men ungdommane står sjølv sagt sjølve fritt til å la vere å snakke med tilsynet). Formuleringa i forskrift om tilsyn med barn i barnevernsinstitusjonar for omsorg og behandling § 8 verkar meir eigna til å sikre dette.

Her har vi sett på det vi meiner er to viktige forskjellar mellom forskriftene om tilsyn med høvesvis barnevernsinstitusjonar og asylmottak. Det kan vere fleire forskjellar mellom forskriftene som det er viktig å vurdere for å sikre at tilsynet med omsorgstilbodet blir like godt for barn i mottak som for barn i barnevernsinstitusjon. Vi tilrår derfor departementet å gå gjennom og harmonisere forslag til forskrift om statleg tilsyn med omsorga for einslege mindreårige som bur i asylmottak, og forskrift om tilsyn med barn i barnevernsinstitusjonar for omsorg og behandling.

### **Tilsynsordninga må gjerast kjend blant einslege mindreårige**

Det er svært positivt at departementet foreslår å forskriftsfeste at Statsforvaltaren skal gi einslege mindreårige som bur i asylmottak, informasjon om at dei kan ta kontakt med Statsforvaltaren utanom tilsynsbesøket. Slik informasjon må gjerast tilgjengeleg på relevante språk. I departementsforslaget til forskrift er plikta til informasjon plassert under føresegna om tilsynsbesøk. Barneombodet meiner at plikta bør gå vidare enn dette, og at Statsforvaltaren må sikre at informasjon om tilsynet og korleis dei kan kontaktast, er tilgjengeleg i alle mottak der det bur einslege mindreårige, slik at også bebuarar som bur i mottak som ikkje får tilsynsbesøk, kan ta kontakt for å få råd og rettleiing eller varsle om kritikkverdige forhold ved omsorgssituasjonen. Tilsvarande bør alle representantar for einslege mindreårige asylsøkjarar få opplæring om tilsynsordninga og informasjon om moglegheita til å ta kontakt på vegner av den einslege mindreårige. Dette bør gå klart fram av forskrifta.

### **Bruk av tolk**

Tolkelova § 6 pålegg offentlege organ å bruke tolk når det er nødvendig for å sikre omsynet til rettstryggleik eller for å yte forsvarleg hjelp og teneste. Dette vil i svært mange tilfelle gjelde ved samtalar med einslege mindreårige i mottak. Etter det vi kan sjå, er ikkje dette drøfta i høyringsnotatet, og departementet foreslår ikke ei føresegn i forskrifa som pålegg bruk av tolk i samtalar med einslege mindreårige under tilsynsbesøk. Barneombodet tilrår at departementet klargjer plikta til å bruke tolk i forskrifta, og at plikta blir utdjupa i tilsynsrettleiarar.

Med vennleg helsing

Camilla Kayed  
fagsjef

Anders Prydz Cameron  
seniorrådgivar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

Karl Johans gate 7,  
0154 Oslo

Postboks 8889 Youngstorget,  
0028 Oslo